



# HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2280  
Klubbnr. 12713



Månedsbrev for november 2007

Årgang 43

<http://www.hareid.rotary.no>



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Åge Nytun  
Visepres: Johan Ole Brandal  
Sekretær: Trygve Riise  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Hans Gisle Holstad  
Styremedlem: Oddvar Haugen  
Styremedlem: Vigdis Riise  
Ansv.red.: Oddvar Haugen  
Referent: Ingar Bigset

---

## Fødselsdagar i november.

|                |            |
|----------------|------------|
| Oskar Grimstad | 08.11.1964 |
| Arne Lillebø   | 24.11.1954 |
| Gunnar Riise   | 28.11.1936 |
| Arve R Røyset  | 29.11.1937 |
| Egil Utgård    | 29.11.1939 |

## 100 % framømte i november.

Ingar Bigset, Johan Ole Brandal, Aud Grimstad, Johs. J Hareide, Svein Kleppe, Jarle Kristiansen, Aage Nytun, John Stennes, Bjørn Teigene, Svein Johs. Flø, Arne G Grimstad, Trygve Riise, Elias Sellevoll

## Framømteprosent i november.

68,4%

---

---

## Fiskarkvinna

Ho bar inn vatn og akta dyra  
klyvja øykjen med torv frå myra  
og kokte graut til ein ungeflokk.

I skumringstimen fekk kroppen kvile-då vakna  
hug til å syngje, smile  
i skaparglede ved vev og rokk--

Men - brått- når Tungalda braut mot landa,  
treiv ho gryta i eie handa  
med kol og flintstein og knøsk i hi!  
Ho sprang for livet mot storm og kave  
og tende ljøs over dulde grave  
som fiskarfloten måtte styre fri--

Ho kneiser tidt som eit "mene tekkel"- eit  
vardøgnsvarsel som spår forlis,  
men oftast lyser ho gjennom sekel med  
gledesbodskap i soge-dis.

På glatte skjeret ved lyktetakjen ho svingar  
gryta i vippespakjen med glør mot nå-skuggen  
Nemesis.

Når ljøset fangar inn mastetoppen, då gløymest  
otte og sakna gråt.

Ho kjenner glede sviv gjennom kroppen og  
helsar lukkeleg mann i båt-- som bergar livet  
sitt enn ein gong ved hjelp av eldljøs på  
vippestong  
Og kvinnehjarta med Gud attåt—

Jon Dale

---

## Referent Ingar Bigset.

### Møte 6. november.

President Åge ynskte vel møtt før Arne drog i gong kveldens song.

Det nærmar seg "Røyrafesten" og presidenten minner om viktige gjeremål. Nøkkelpersonane har tatt tråden og det meste ser ut til og vere i rute.

### Reiseskildring frå Island – ved Elias Sellevoll.

Elias tok oss denne kvelden med på ein opplevingsrik rundtur til Island. Ved hjelp av ei flott bildeframsnyning fekk vi vere med på bobiltur ilag med svoger og ektemakar.

Avreise var frå Bergen tidlig i august. Turen varte i 14 dagar og vi fekk sjå storslått natur langs flotte asfaltveier og mindre bra grusveier med vaskebrett.

Det var eit variert landskap med alt frå store og artige fjellformasjonar, mektige fossefall, svart livlaus lava, mosegrodde skarpe bergmassiv, til vi for over vidstrakte sandsletter.

Sjølv om utetemperaturen ikkje var så høg, vart det bada i varme kilder i 40 graders varme og der vatnet i bergsprekkene kunne kome ut med nærmare 100 grader.

200 mil vart tilbakelagt gjennom dette varierte landskapet der folk klorar seg fast både i små byar og på spreidde gardar og der mange brukte varme kilder til å varme om sine drivhus.

På si reise traff Elias også på vår rotaryvenn Trygve Rise som var på busstur. På tilbaketuren mot Noreg hadde dei 3 døgn stopp og oppleving på Færøyane. Tipset går på og kanskje reise i juni for å få høgare dagtemperatur.

### Møte 13. november.



Denne kvelden var avsett til bedriftsbesøk hos Ulstein Elektro i Ulsteinkonsernet. Etter ein labyrinth med portar og kodar kom vi fram til bygninga som ligg mest ytterst på Osneset. Ronny Bårdslett tok vel imot oss og inviterte på kaffi i kantina før han presenterte bedrifta og organisasjonen. Svein Egil Kleppe supplerte med det som gikk på utbygging. Her fekk vi høyre og sjå kva bedrifta med sine 175 mann (inkl. innleidde) har å gripe fatt i framover. Vi fekk høyre om populære nisjeprodukt og spesielle system som bedrifta leverer, om satsingsområdar i Spania og Kina, og vi fekk sjå film om kor bra den nye X-bowen tar seg fram i høg sjø. Seinare fekk vi omvisning i praktbygget og avslutta denne runda med ein tur i produksjonshallen og tavleverkstaden. Mykje arbeid var i ordre, nokre mann var på overtid, og vi kunne merke oss at fleire av produkta var merka Odim.

## Møte 21. november – Røyrafest og Guvernørbesøk

President Åge ønske alle velkomne til denne årlige røyrafesten.

Spesielt ønske han guvernør Unni Alfei frå Fosen Rotaryklubb i Kristiansund velkommen. Unni er den første kvinnelige guvernøren som har kome på besøk til vår klubb. Vidare innkommene guvernør Oddbjørn Øye frå Sula RK og ikkje og forgløyme vår egen assisterande guvernør Jon Stennes. Dei to første hadde med sine ektemakar. Etter opningssongen "Å vestland, vestland", tok presidenten føre seg litt lokal rotatyhistorie, aktivitetar, og måten klubben vert driven på. Klubben som vart starta i 1965 hadde då 27 medlemmar og nokre av desse er framleis med. Guvernøren Unni opna sin tale med å takke for invitasjonen og rosa klubben vår for engasjement og for våre aktivitetar. Ho hadde no snart rukket å besøke alle dei 56 klubbane i distriktet. Ho minte oss på at vi er ein yrkesklubb og lurte på om vi var flinke til å dele dette med kvarandre.

President Åge presentert vidare innkommene Guvernør Oddbjørn Øye. Oddbjørn har også fått kongens fortanestemedalje i gull for sine meritter og innsats i kulturlivet. Som takk for invitasjon, tok han fram sin trompet og følgesvenn og spelte på ein fantastisk profesjonell og varm måte. Etter dette vart det nokre nummer med korsong av Bigset



Blandakor - som for anledninga var invitert til å tilbringe kvelden ilag med rotarianarane.

Som åra før vart det også i år diska opp med eit veldig innbydande matbord, der det meste var fiska opp frå Snipsøyrvatnet. Fiskarane, sløyarane og kokkelaget hadde igjen gjort ein framifrå innsats og det same hadde Harald Røyset som hadde fiska og laga nydeleg "raka Røyr" eller ansjos som vi heller kallar dette sнопet. Så var det duka for å ta opp to nye medlemmar. Desse var forhindra i å møte den dagen resten vart tatt opp. Dette var Jostein Strand (fadder Jon Stennes) og Kjell Roger Nevstad (fadder Bjørn Teigene) Vår gode sermonimester Elias hadde fått med seg Guvernør Unni til å henge på nålene og ynskje dei nye medlemane velkomne i klubben.

Etter meir svingande korsong og ei ekstra framføring av Oddbjørn med sin trompet, vart kokkelaget og deira medhjelparar rosa for nok ei gourmetisk matoppleving.

Som avslutning song vi "Dei nære ting" – og så var festen så godt som over.







## **Møte 27. november - Programfritt**

President Åge ønske velkommen før kveldens song "Alt far min kunne gjera".

Stor takk for vel gjennomført røyrafest med guvernørbesøk. Takk spesielt til Jarle Kristiansen og hans festkomite.

Etter nokre opplysningar var kvelden fri til kaffi, vafler og prat kring borda.